

RESOLUSJON

Sei ifrå må bli betre

Vedtatt av Studenttinget 07.05.2023

Resolusjon: Sei ifrå må bli betre

Sei ifrå er kvalitetssystemet til HVL, der studentar og tilsette kan gje tilbakemeldingar om ting ved HVL ein ikkje er nøgd med, til dømes læringsmiljø eller utdanningskvalitet.

Sei i frå er viktig for studentar, likevel så veit ein at mange studentar ikkje har kjennskap til systemet. Ei anna utfordring med sei ifrå, er at ein del studentar ikkje ynskjer å nytte seg av det, då ein er redde for kva konsekvensar det kan få.

Slik Studenttinget ser det så fungere ikkje sei ifrå på ein optimal måte, og vi meiner difor at systemet må bli betre på fleire måtar.

Studenttinget på Vestlandet meiner at Høgskulen skal:

- ▶ Synleggjere Sei ifrå systemet betre i sosiale media, samt snakka om tilbakemeldingssystemet i undervisning og oppstart av semester og studie.
- ▶ Utvikle/ta i bruk ein betre måte å være anonym på, der student/tilsett kan snakka med høgskulen om saka, og framleis vere anonym.
- ▶ Forbetre nettsida om Sei ifrå og gjere det tydlegare og enklare å sende inn tilbakemelding.
- ▶ Sørge for god oppfølging og tilbakemelding i sakane som vert sendt inn.
- ▶ Leggje til rette for å opprette ein eigen knapp på nettsida om direkte tilbakemelding til Studenttinget.
- ▶ Kommunisere bruken av Sei ifrå systemet, for å vise at systemet fungerer.